

## KONTROLLUTVALET FOR FEDJE KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

**Møtedato** 11.06.2019

Stad: Kommunehuset

Kl.: 09.00 – 10.15

Tilstade: Erling Walderhaug (leiar), Anna Marit Storemark (nestleiar) og Inger Steinsbø

Innkalla: Rådmann Nils Moldøen (til sak 14/19)  
Økonomisjef Bjarte Villanger (til sak 14/19)

Revisjon: Revisjonssjef Janne Eraker, Nordhordland Revisjon IKS

Sekretær: Tonje Husum Aarland

Forfall:

.....

### 14/19 Årsrekneskapet 2018 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet

Saksvedlegg:

Årsmelding og årsrekneskap 2018, Fedje kommune.

Revisorberetning datert 15.04.2019, Revisjonsmelding datert 06.06.19 og

Revisjonsrapport nr. 14 datert 06.06.19, Nordhordland Revisjon IKS.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal til formannskapet før dette organet gjev innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg kommuner og fylkeskommuner».


**Behandling i møte:**

Denne saka vart handsama før sak 11/19.

Rådmann, økonomisjef og revisjonssjef møtte i saka for å orientere.

Økonomisjef Bjarte Villanger orienterte om ulike sider ved driftsrekneskapet og dei økonomiske nøkkeltala i årsmeldinga.

Rådmann Nils Moldøen orienterte om årsrekneskapet og avvika som er på tenesteområda. Det vart peika på tidsfristar kring ferdigstilling av årsrekneskapen, årsmelding og revisjonsrapport, og det er ønskeleg med tettare dialog kring oppfølging av dette.



Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonen sine merknader i Revisjonsrapport nr. 14.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2018, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

### **Samrøystes vedtak:**

Med tilvising til det som her er nemnd vedtek kontrollutvalet å gje slik uttale til kommunestyret om Fedje kommune sin årsrekneskap for 2018:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Fedje kommune for 2018. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen, samt to revisjonsmeldingar for 2018 og Revisjonsrapport nr. 14.

Kontrollutvalet vil peika på at revisor både for 2018 og i 2017 har gjeve negative revisjonsmelding grunna fristbrot pr. 15.02.

Kommunen sin økonomi tilseier at det trong til ei løpande oppfølging av driftsøkonomien gjennom året. Dette føreset gode rutinar for føring og oppfølging av rekneskap / budsjett. Likeeins må avdekka avvik verte korrigerert. Kontrollutvalet oppmodar derfor administrasjonen om å systematisere rutinane for årsavslutning og avstemming av rekneskapet gjennom året.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga, alt vesentleg tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.


Årsmeldinga /rekneskapet kunne vore supplert med utfyllande opplysningar og analyse av viktige nøkkeltal og avvik i høve revidert budsjett. Viktigaste nøkkeltalet vil her vera *netto driftsresultat* som er resultatet av løpande driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Netto driftsresultat er knytt til den løpande drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år, samt gjev ein peikepinn på kor robust økonomien er.

I årsmeldinga er det peika på premieavviksinntekt som er ein post som påverkar netto driftsresultat utan eigentleg å vere ein del av den løpande, ordinære drifta. I tillegg til dette kan ein ha inntekt frå øyremerka/bundne midlar. Netto driftsresultat justert for premieavvik, og justert for netto avsetjing til bundne fond, fører fram til ***korrigert netto driftsresultat*** som også vil vere eit viktig nøkkeltal å opplyse om.

Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

### **Økonomisk resultat**

Fedje kommune har eit positivt netto driftsresultat i 2018 på ca. 0,26 mill. kr (0,3%), mot budsjettert 1 mill. kr (1,35%) og eit resultat i 2017 på 2,2 mill kr for 2017.



Tilrådd resultatmargin for kommunane er minimum 1,75 % medan Fedje kommune ligg vesentleg under dette for 2018.

Kommunen har ein tilfredstillande gjeldssituasjon, men det frie disposisjonsfondet vart vesentleg redusert i 2018.

#### **Avvik i høve til budsjett - skjema 1A og 1B**

I forskrift om årsrekneskap og årsmelding § 10 er det eit krav at vesentleg avvik i utgifter i høve til budsjett skal gjerast greie for.

For tenesteområda er det totalt 1,6 mill. kr i meirforbruk på tenesteområda. Kontrollutvalet ser det som positivt at dei største einingane (Fedje skule og Fedje sjukeheim) begge har kostnader nær i samsvar med budsjett. Avvika er fylldig gjort greie for i årsmeldinga under kvart ansvarsområde.

#### **Avvik i høve til budsjett - skjema 2A og 2B**

I investeringsrekneskapen – skjema 2B er det små avvik i høve revidert budsjett. Totalt var det justerte investeringsbudsjettet på 17,4 mill. kr. Dei totale investeringane vart 17,7 mill. kr. Status for dei einskilde prosjekt framgår av årsmeldinga s. 18-20.

#### **Årsmelding**

Gjeldande kommunelov § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen og arbeidet med å sikre ein høg etisk standard. Årsmeldinga gjev informasjon om likestillingsarbeid og utviklinga i sjukefråver s. 23-24.

Årsmeldinga skal òg innehalde opplysningar om dei tiltak som er starta for å sikre god internkontroll. Kommunen si organisering og rutinar for rapportering er omtala i årsmeldinga s. 25.

#### **Revisjon**

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering. Det er gjennomført interimrevisjon i året.

Av Revisjonsrapport nr 14 går det fram kva revisjonen har gjeve merknader til.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2019 følgje opp revisjonen sine kommentarar og merknader i Revisjonsrapport nr 14.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 06.06.2019 og revisjonsrapport nr. 14 datert 06.06.2019, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Fedje kommune for 2018.



Fedje kommune

Fedje, 11.06.2019

*Erling Walderhaug*  
Erling Walderhaug / leiar

*Tonje Husum Aarland*  
Tonje Husum Aarland / sekretær